langstidfor visst eg er vekke ei helg. Den
heiter my... ...arver og den koster 58 kr, me
du er ikkje nødt å ha den. Bessfuddfoder
koster kr 12.60 på Slaget. Mikropan koster
Den varer lenge. Visst ein fisk får sopp, fi
eller neonangrep kan du bruke „Deramor"
koster 32.50 kr. Og visst fisken får prikkar,
du bruke „...unamor" den koster kr 40.0
Aquasafe må du ha i vatnet. Er det eit
dyr hobby: Det er dyrt i begynnelsen
for då må eg kjøpe akvarie med tilbehø
Kor mange akvariefiskar har du? Eg har 3
gullfiskar og 2 blågurami, 2 algespisara (vakt
mestra), 2 sverddraga, 1 sverddragerbaby, 6
neontetra, 3 voksne gyppihoe og 8 voksne gyppi
15 ungar ca. Kor ofte matar du dei? 3 h
gonger om dagen, det er betre å mate lite
heller ofte. Kvifor valte du akvariefiskar? Eg val
akvariefiskar fordi dei er fint å sitte å sjå på
akvariet. Dei er stille og til lite bry. Dei
har sin eigen verden, for dei steller seg sj
med litt hjelp. Kvifor har du lys, pompe og
varmekolbe? Lyset har eg fordi fiskane og
plantane må ha alys, slik som vi. Dei må ha
lyset på 12-14 timar. Pumpe har eg fordi fi
må ha oksygen og det er for å rense vatne
Varmekolben har eg fordi ...

Er alle akvariefiskar like lette å få til i akvarie? Nei, ikkje alle fiskar er like lette å få til. Fordi dei eter kvarandre opp, visst dei ikkje er samme slekt. Skal fiskane helst ha grøne planter og stein rundt seg? Dei skal ha grøne planter, og visst du skal ha stein så du koke dei, for du legg dei ned i. Er det problem å ha andre dyr i huset visst du har fiskar? Nei, det er det ikkje

Intervju av Hildegunn, Anette og Jannicke.

Skrevet av: Hildegunn Fu



TEIKNA AV TORGEIR PÅ DATA...

# SILDAPROSJEKTET

Vi intervjua Ottar Silden om Sildaprosjktet for å finne ut litt meir om Sildaprosjektet . No spør vi Ottar . Kva er Sildaprosjektet og kva slags aktivitetar kan prosjektet tilby? Havfisktur med Havlys 2, fred og ro i mellom hyttene, fiske frå land, bra turterreng, ingen bilar , utleige av småbåtar og mykje anna.
Kven hadde ideen med Sildaprosjektet? Bygdå hadde eit møte, hosten 1986. Der fekk alle komme med idear så vart det drøfta kva vi skulle finne på for å skape arbeidsplassar og aktivitet i bygda. Kva med økonomien? Sildaprosjektet har kosta 1,3 millionar til no. Finansieringa vart ordna slik: 33200 kroner i aksjekapital, 25% DU-lån, 15% DU-støtte og resten har vi lånt i ein lokal bank. Er det nokon aktivitet i Sildaprosjektet om vinteren? Til no har det ikkje vore det. Hugs vi starta jo fyrst i vår. Men vi har no planar om å tilby aktivitetar for sportsdykkarar, dette kan også gå føre seg om vinteren.

## Hyttene

Nede på Holmen ligg det to kvite hytter med ein stor treveranda i mellom. Frå hyttene er det utsikt mot Skjerbuda og sør-havna . I desse hyttene er det stove, kjøken, to soverom og toalett.
Vi spør Ottar : Har de hatt leigebuarar på hyttene i sommar ? Ja, vi har hatt 60-70% av maksimalt utleige. Kor mange fråflytta hus vert leigd ut til turistar ? I 1987 vart 3 hus leigd ut, men neste sommar skal vi berre leige ut eit hus. Kvar skal resten av hyttene vere? Vi har planlagt å byggje ti hus på Holmen. Vi skal begynne på tre i februar neste år. Vi veit at fuglane her på Silda er freda. Kva skjer med dei når det kjem mange hytter med turistar ?Det ser ikkje ut til å gjere dei nokon ting. I år hadde dei reir og la egg heilt attmed hyttene.

## Skjerbuda

Skjerbuda ligg på eit skjær i sør-havna på Silda. Om sommaren er det landgang ut til Skjerbuda , men om vinteren må ein bruke båt ut til den. Vi veit at det har vore arrangement på laurdagskveldane. Det har vore dans og mat å få kjøpe.
Og no spør vi Ottar:Korleis har det gått med laurdagskveldane på Skjærbuda? Det har gått veldig bra.Det har vanlegvis vore 60-70 personar, det vil seie at det har vore nesten fullt hus, for det er plass til 75-80 personar.Vi har og måtta avvise 100 personar ein gong. I år har vi tent 80 000 kroner på dette. Kven lagar maten på Skjerbuda ? Dalseth på Moldøen Kjøtt og Delikatesse i Måløy og nokre damer her på Silda. Vi serverer koldtbord med laks, reker, brød ,sildesalatar og somme gonger krabbe . Og så har vi fiskesuppe og alltid eitkvart til ungar eller andre som ikkje vil ha fisk. Skal de ha museum på


SPØKELSET
Der er nokon opp på loftet
Begge to blei like forskrekka
SKRIK! Kven er du
Hjelp! er er du eit spøk… eller
…a eg … eit …økelse
Kvifor ropar du slik?
…rtalde at han ropte slik … var så fong.
Eg kan ta den av deg
…blei glad
jippie! jippie!
No har eg tatt den av deg
Eg må ned igjen
og siden det har spøkels… bare vore glad.

HAVLYS 2

Nede ved kaia ligg ein gammal fiskebåt. Vi veit at den har noko Silda prosjkt å gjere . No skal vi få vete noko om Havlys 2. Kor gammal er Havlys Han er frå 1918. I 1952 blei han heilt ombygd. Han blei utvida og forlenga til 67 fot.

Kva slags båt er Havlys 2 ? Han er ein gammal pigghå-og fiske 1950- 1960 var han ein pighå båt på Shetland.

Måtte det gjerast noko med Hawlys før de kunne bruke han ?. J måtte male og pusse han, og vi måtte lage til toalett og vask Kven gjorde arbeidet med Hawlys 2? Det var Bård Kjøde som sto fo det meste . Elles var det og andre bygdefolk som hjalp til . A ungane var med å skrape gammal maling av båten. Kor mange er ma Havlys 2. Der er tre stykker som jobbar der. Men det er berre to er med på ein gong.

Kor mange turar har de hatt med Havlys 2 i sommar ? Vi har 18-20 turar.

Kva får turistane vere med på på Havlys ? Dei får dra line, pil og fiske med stang.

Kva brukar de Havlys 2 til om vinteren ? Han vert nytta når vi hentar materialar til bygningsarbeidet og dersom vi får i gang dykking kan sportsdykkarane dykke frå Havlys 2.

Utleigebåtane

Vi har sett at de har småbåtar med påhengsmotorar. Kan turistane leige desse båtane ? Ja det følgjer ein båt med kvar hytte, elles kan ein og leige båtar til avtalt pris. Båtane er 14 fot og har 4 hk motor. Dei har vore mykje brukt. Kva gjer de med båtane om vinteren. Dei vert ikkje brukt, så vi har dei på land.

Turistane

Korleis kjem turistane til Silda? Dei kjem med rutebåten eller blir henta. Korleis kjem bagasjen til hyttene? Dei låner vogner

# FISKEVEGN SI AVDELING PÅ SILDA

## Arbeidet

I ei raud bud jobbar det nokre damer ivrig. No skal vi ned og snakke med dei .Vi avbryt dei og spør : Kor mange er det arbeidsplassar til, og kor mange er det som arbeider her? Det er plass til åtte, men det arbeider bare fem stykkjer her. Kva arbeid er det de gjer for Fiskevegn? Vi riggar line ,å rigge vil seie : å sette ongleffetter på lina. Når begynte folk her på Silda å arbeide for Fiskevegn? I 1981.

## Linene

Kvar kjem lina frå , og korleis kjem ho til Silda ? Linene kjem frå Kjølsdalen med bil til Måløy og vidare med båt til Silda. ? Kor mange liner set det opp kvar dag? Vi set opp 10 line på kvar kvar dag .Var buda bygd til lineoppsetting eller noko anna, og kor tid blei ho bygd ? Ho vart bygd til ein fiskebåt .Og dei brukar kjellaren til lineoppsetting . Kven er det som brukar linene? Det er lineflåten i Norge og i utlandet.

## MILJØET

No har vi lyst til å høyre litt om miljøet her på buda
Liker de arbeidet dykkar og korleis er miljøet her ?
Vi liker arbeidet veldig godt og miljøet er veldig fint.
Syns de det er bra at de får ha arbeidsplassen på Silda?
Ja det synst vi for vi er alle husmødre og nokre har andre jobbar
Ruth er butikkdame, Nelly er postfunksjonær og Margunn er reinhaldsassistent. Kor mange timar jobbar de kvar dag?
Vi jobbar 6 til 7timar . Kunne de ønske at det var fleire som arbeider her ? Viss det blir fleire blir det lite lønsomt for oss.
Bruker de å ha pause ? Vi har ein pause kl,halv ni om morgenen og vi begynner kl,7 om morgenen.
Jobbar de heile veka? Som oftast jobbar vi kvar vekedag.

FRAMTIDA

# Matsida

## Scones

3 dl. kveitemjøl
1 ss. sukker
3 str. ts. bakepulver
$\frac{1}{4}$ str. ts. hjortesalt
$\frac{1}{4}$ str. ts. salt
1 ss margarin
1 $\frac{1}{4}$ dl kefirmelk

} = det t

## Slik gjer du

1 Sikt det tørre.
2 Smuldre i margarinen.
3 Bland i kefir og lag deig.
4 Del deigen i to delar.
5 Klapp ut fingertjukke runde „kaker".
6 Smør plata, legg „kakene" på.
7 Lag prikkemønster med gaffe

## Steiking

Midt i omnen i omlag 15 m

# Finn 7 Feil!!!






1 Noko som ungar likar å lese.

2 Slekt

3 Ikkje ute

4 Husdyr

5 Land

6 Fiski

7 ikkje snill.

8 Sommar ----

9 Ro

10 Noko ein les.

11 Tyv



L L

GÅTER

Hvem er det som går på skulen hver eneste dag uten og lære noe

Hva heter den gode fe som mange er så glad i ?

Når er kjøpmannen ikkje lenger menneske ?

Hva er likheten mellom en dame og en magnet ?

Hva tar kortest tid :
å bygge huset elloer å rive det ? Svar side 10

# LITT OM HUNDEN TANJA.

Tanja er født den 18/12-87. Faren heiter Birgoan og mora heiter Happiness. Tanja er ein Golden Retriver. Stellen ho må ha er litt børsting kver dag. Tanja et vanleg mat og hundemat. Ho lærer fort men ho er ikkje stuerein endå. Ho treng mykje omsorg.

VITSAR

Elskede sa han vil du gifte deg med meg? Hvis du ikke vil dør eg.Og hun ville ikke og han døde sytti år etterpå.

Faren du er så hjulbeint at en gris kunne springe igjenomm ben dine. Ola ja spring da vel.

Læreren det var dårlig arbeide dette Ola. Ola Nå kan man ikke stole på sine egne foreldre ein gong.

Vet du hvorfor skuespillere er så henrykt for å bli fotografert Det er fordi de elsker å bli fremkalt.




KAY-ARNE SITT KRYSSORD

1 Noko vi alle burde vere.
2 Vi seier ikkje "eit folk", men eit ........
3 Eit land i Norden.
4 Ein populær TV-serie om torsdagane.
5 Ei vanskeleg prøve i slutten av niande klasse
6 Eit land som er ei øy.
7 Eit jentenamn, der er 3 n-ar i namnet.
8 Noko som fuglar har.
9 Noko vi søv i.
10 Ein fiskeart.
11 Noko ein bil må ha for å kjøyre.




ANDRE SITT KRYSSORD

1 Noko du brukar når du reiser i No
2 Noko ungdom ser mykje på.
3 Ordgåte.
4 Landet du bur i (på bokmål).
5 Sinnssjuk.
6 Har du når du fyller år.
7 Noko du brukar når du reiser.
8 Noko som kan fly.
9 ... og Kari (gutenamn).
10 Ein som seier fram ei historie :
11 Der vi bur når vi er på (dyr) fer

# Kvifor trollet fekk lang nase

Det budde ein gong eit troll i ein stor stor skog i USA i utkanten av ein stor by. Der er mange trestubbar og ein gong var trollet så svolten at bare han såg ein liten spurv så skulle han ha den. Og sånn hendte det med ein liten spurv men han var så liten at han greide å komme seg ned i ein av desse holete tredstubbane og trollet tok nasa nedi stubben og når trollet skulle dra nasa opp igjen så satt nasa fast i tredstubben. Han drog og han drog og då han hadde fått nasa opp igjen var ho så lang.

Av Anette

